

Vår dato: 08.02.2005

Dykkar dato: 01.12.2004

Vår ref: # 24100/1

Dykkar ref:



Olje- og Energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo

HEIMFALL - HØYRINGSFRÅSEGN TIL NOU 2004: 26

Heimfallsutvalet si innstilling i NOU 2004: 26 er drøfta av Konsernstyret i Sogn og Fjordane Energi AS (SFE), som gjev slik fråsegn til innstillinga:

1. Mål og mandat

Heimfallsreglane i Industrikonsesjonslova og Vassdragsreguleringslova representerer verktøy som nyttast til å regulere kraftsektoren for å nå politiske / samfunnsmessige mål. Mandatet for heimfallsutvalet er utforma slik at måla i liten grad er definert og utvalet sitt arbeid er også prega av dette. Ved vidareføring av saka fram mot handsaming i Stortinget må det leggast vesentleg større vekt på å drøfte måla for heimfallsinstituttet i ein brei samanheng.

Heimfallsutvalet har ikkje hatt som mandat å drøfte alternativ til heimfall, og heller ikkje å drøfte øvrige rammevilkår knytt til kraftsektoren. Dette gjer at sentrale problemstillingar knytt til heimfallsvilkåret ikkje vert vurdert:

- For 100 år sidan var situasjonen at falla var på private hender, vassdraga var ikkje bygd ut og det var stor mangel på kapital. I dag er situasjonen at om lag 90 % av vasskrafta er i offentleg eige, vassdraga er i all hovudsak bygd ut og nasjonen har god tilgang på kapital sjølv om kapitalen er vanskeleg tilgjengeleg for kraftsektoren. Det er brei semje om at konsesjonslovgjevinga med heimfallsvilkår var det rette for 100 år sidan, men når grunnlaget for innføring av heimfallsreglane er endra fullstendig må ein også ta opp til drøfting om reglane bør fjernast.
- Konsesjonslovgjevinga styrer den fysiske utnyttinga av vasskraftressursane, og SFE kan vanskeleg sjå at slik styring og kontroll med den fysiske ressursbruken vert svekka utan heimfallsreglar, men med tidsavgrensa konsesjonar. Heimfall regulerer såleis først og framst eigarskapen og eigaravkastninga knytt til bransjen.
- Det er dei samla rammevilkåra som er avgjerande når det gjeld utviklinga innan sektoren; - også når det gjeld eigarskapen. Om sektoren får internasjonalt konkurransedyktige vilkår slik at det er interessant å vere eigar, og nasjonal kapital i større grad vert stilt til rådvelde for

.....Kraftfull og nyskapande med lokale røter.....

Sogn og Fjordane Energi AS

Bukta, 6823 Sandane
Telefon: 57 88 47 00
Telefaks: 57 88 47 01
Org. nr.: 984 882 092
Bankkonto: 84808503696
E-post: post@sfe.no

SFE Kraft AS

Bukta, 6823 Sandane
Telefon: 57 88 47 00
Telefaks: 57 88 47 01
Org. nr.: 984 882 076
Bankkonto 84808503718
E-post: post@sfe.no

SFE Nett AS

Bukta, 6823 Sandane
Besøksadr. Hamregata 1, Florø
Telefon: 57 74 61 00
Telefaks: 57 74 61 01
Org. nr.: 984 882 114
Bankkonto 84808503726
E-post: post@sfe.no

SFE Produksjon AS

Bukta, 6823 Sandane
Telefon: 57 88 47 00
Telefaks: 57 88 47 01
Org. nr.: 984 882 106
Bankkonto 84808503734
E-post: post@sfe.no

nødvendige omstruktureringar og effektivisering, kan ein sjå føre seg stor interesse hos eigarane for å vidareføre dagens eigarskap. Behovet for heimfallsreglar kan vere tilsvarende mindre.

Norge har gjort gjeldande at reguleringa av utnyttinga av vassfall gjeld forvaltning og kontroll med naturressursane og såleis ligg utanfor verkeområdet til EØS-avtalen. Desse spørsmåla er ikkje følgd opp vidare i forhold til ESA. Ein har heller ikkje fått vurdert spesielle nasjonale forhold knytt til kraftsektoren i Noreg som kan vere grunnlag for evt. unnatak knytt til EØS-regelverket. Innstillinga frå Heimfallsutvalet ber sterkt preg av ulike syn på kva moglegheiter som finst, og det synest som om dialog /forhandlingar med ESA og betre forankra konklusjonar i forhold til EØS-avtalen ville ha styrka vilkår for finne fram til eit godt framtidig regelverk.

Det er ein stor svakheit at forholdet til Grunnlova, § 105 om erstatning ikkje er avklara.

2. Heimfallsutvalet si innstilling

SFE er samd i at det må vere god nasjonal styring og kontroll med vasskraftressursane. SFE vil likevel peike på at nasjonal ikkje nødvendigvis er det same som statleg. Det er offentleg styring og kontroll som er viktig. Ein kan ikkje sjå at styring og kontroll kan ivaretakast betre av staten sentralt enn av dei offentlege regionale og lokale eigarane.

For å ivareta eigarane sine verdiar er det prinsippalt mykje som talar for bortfall av heimfallsvilkåra kombinert med tidsavgrensa konsesjonar og elles rammevilkår som gjer det attraktivt å vere eigar. Det gjev lik handsaming av aktørane og vil vere i samsvar med EØS-avtalen sine reglar. Nasjonal styring og kontroll kan ivaretakast gjennom konsesjonslovgjevinga og rammevilkåra for øvrig.

SFE har i dag tidsavgrensa konsesjonar utan heimfallsvilkår. Evt innføring av heimfall for offentleg eigde verk vil av den grunn føre til reduksjon av eigarane sine verdiar i konsernet. SFE legg til grunn at det må gjennomførast verdinøytralitet ved endringar av regelverket, og at ein med andre ord får full kompensasjon for verdiar som måtte bli overført til staten på heimfallstidspunktet.

Ingen av modellane i heimfallsutvalet si innstilling ivaretek omsynet til full verdinøytralitet, og implementering vil opne for at forhold knytt til erstatningsvern må prøvast rettsleg etter at nytt regelverk er vedteke.

Alle ordningar som gjev lik handsaming av aktørane medfører friare vilkår for omsetting av vasskraftverk og dette kan føre til større innslag av utanlandsk eigarskap. SFE ser helst at det fortsett vert norsk eigarskap til kraftverka, men dette kan ein ikkje oppnå gjennom diskriminerande regelverk. Då er det viktig at eigarane får incentiv og rammevilkår som gjer det attraktivt å eige.

Ei ny ordning må ikkje vere til hinder for rette investeringar eller effektiv drift eller vedlikehald. Frå tidspunktet eit nytt regelverk med tidsavgrensa konsesjonar og heimfall vert innført, vil det oppstå negative verknader på investeringar, drift og vedlikehald og både nasjonal, regional og lokal verdiskaping jo nærare ein kjem heimfallstidspunktet. Dette talar for lang konsesjonsperiode.

Om ein innfører heimfall for offentleg eigde kraftverk må ein ikkje svekke konkurransekraften til selskapene. Norske aktører må få vilkår for å konkurrere også etter eit heimfall. Dette talar både for partielt (avgrensa) heimfall, fortinnsrett til vidare drift og forkjøpsrett dersom staten ønskjer å

selje sin andel. Offentleg sektor regionalt og lokalt må også ha nødvendig kapital for å delta i tilbakekjøp av anlegg og rettar.


Heimfall fører til at ein misser eigedomsretten og retten til sjølv å bestemme over egne verdiar. Dette vil svekke vilkåra for at kraftsektoren kan vere ein regional motor i verdiskapinga i distrikta og bidra til næringsutvikling og verdiskaping lokalt. Ordningar som bidrar til vidareføring av eigarskapen etter heimfall vil her vere avgjerande.

Heimfall utløyst av transaksjonar kan verke negativt på restruktureringar og etablering/ utvikling av økonomisk effektive einingar, og det er viktig å ikkje svekke moglegheiter for utvikling på denne måten.

Ei framtidig ordning må ikkje diskriminere mellom aktørane og må tilfredsstillе norsk lovgjeving, herunder våre internasjonale plikter. Om nye ordningar ikkje er robuste, vil sektoren få ustabile rammevilkår og tilhøyrande redusert verdiskaping.

Totalheimfall er ein klart dårlegare ordning både for eigarane og verksemda og må avvisast.

Med helsing
Sogn og Fjordane Energi AS



Ole Schanke Eikum
Konsernsjef